Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Heskestad

Emne: 5. Vassbering

Bygdelag:

Oppskr. av: B. Flom

Gard:

(adresse): Heskestad

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det var vanleg tidlegare kringom på gardane å bera vatn med vassåk og to bøtter. Åket kvilte på båe akslene og hadde halvmåne opning for halsen og noko utholing for akslene. Tau eller jarnlekkje med krokar vart nytta til åket. Noko visst om kva tid trebøttene gjekk or bruk, kan ikkje seiast, men omlag for 40-50 år sidan.

2. Ingen som no lever her, kan minnast at eit lagget kar vart nytta til vassbering eller til bering av mjølk frå fjøset. Men det er ikkje urimeleg at det har vore nytta for lenger tid tilbake.

3. At det har vore nytta ski til framføring av vatn, er ikkje kjent her.

4. Var det tenarar på garden, så var det nok helst dei som var vassberarar, elles var det kona og borna.

5. Nei, desse metodar vert ikkje nytta lenger, men folk minnest godt at dei var brukt tidlegare.

6. Det kunne henda vinterstid at

8405

kjelda slapp opp for vatn, og vart då det køyrt med hest og slede frå nærmaste bekk, elv eller vatn.

7. Dei fleste har no, eller og kan ein seia at jamt over er det lagt inn springvatn i heimehus og fjøs. I fjøset vert det etterkvart ålmennt med automatiske drikkekar for storfeet.

25/11-1953.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING